



LEIARAVTALE

Leiaravtalen blir inngått mellom underordna og overordna leiar. Leiaravtalen byggjer på ein leiarsamtale som blir halden på starten av året, og blir følgd opp med minimum éin leiarsamtale til i løpet av året. Leiarsamtalane erstattar den tradisjonelle medarbeidarsamtalen. Leiaravtalen er eit verktøy for å diskutere og vidareutvikle leiarferdigheiter/-åttferd, med forventningar, leiarplattform og arbeidsgjevarstrategien som utgangspunkt.

1. STRUKTUR OG OPPFYLGINGSANSVAR

Leiaravtala kjem i tillegg til arbeidsavtala og er ein del av Vinje kommune si verksemdsstyring.

Leiaravtala er, saman med kommunens [leiarplattform](#) og [arbeidsgjevarpolitikk](#), grunnlaget for god leiing i Vinje kommune.

Leiaravtalene regulerer forholdet mellom leiarnivå og er eit forpliktande styringsverktøy der me stiller krav til leiarar på alle leiarnivå.

2. VINJE KOMMUNE SIN ARBEIDSGJEVARPOLITIKK

Hovudmålet skal vera å rekruttere, utvikle og behalde dyktige medarbeidarar:

- Vinje kommune er ein føretrekt arbeidsgjevar i regionen vår
- Vinje kommune er ein innovativ, dynamisk og lærande organisasjon

Leiarane er viktige i utforminga av mål og resultatkrav, og er ansvarlege for å gjennomføre kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk i verksemdene.

Vinje kommune legg opp til medarbeidarskap og medverknad frå alle tilsette, og gjera dei medvitne om eige ansvar.

3. ANSVAR OG FORVENTNINGAR

Leiar har på vegne av kommunedirektøren, fagleg, økonomisk, personal og administrativt ansvar for verksemda si, samt bidra aktivt til heilskapleg utvikling i kommunen.

Leiarar på alle nivå har ansvar for å:

- Utføre administrativ og strategisk leiing i tråd med kommunen sin plan- og styringsdokument
- Sørge for at kommunalområdet og verksemda er rusta til å møte dagens og framtidens utfordringar og sjå til at verksemda er handlekraftig, nyskapande og

- omstillingsdyktig. Leiar skal sørge for riktig tenestekvalitet, effektiv nytte av ressursane, vera utviklingsorientera og sørge for kultur for kontinuerleg forbetring
- Sette i verk politiske vedtak retta mot verksemda, ta avgjersler og gjennomføre desse innanfor vedtekne mål og rammer
 - Utøve internkontroll i eiga linje ved å overvåke, vurdere risiko, iver sette forbetringstiltak og følgje opp
 - Vere bevisst sin rolle som arbeidsgjevar og opptre lojalt overfor topp- og politiske leiinga
 - Ta opp med sin leiar om forhold som strider mot vedtak/lovar/forskrifter/reglement under prinsippet lojal utad – kritisk inad
 - Vere medviten leiarrolla si og kommunen sitt krav til god leiing, og legge prinsippa om meistringsorientera leiing til grunn
 - Søkje samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta
 - Sørge for godt omdømme som ei offensiv og attraktiv verksemd og arbeidsgjevar
 - Bidra til å skape helsefremjande arbeidsplassar og sikre eit forsvarleg arbeidsmiljø for alle medarbeidarar
 - Bidra til god dialog med politisk leiing
 - Delta på leiarutviklingstiltak. Leiarar har eit sjølvstendig ansvar for å oppdatere seg innan eget fagområde og fagfeltet leiing. Delta aktivt i opplærings- og utviklingstiltak for medarbeidarar slik at Vinje kommune blir ein lærande organisasjon
 - Sørge for eit brukar og serviceorientert tilbod og utvikling av kommunen sine tenester

4. Leiarstøtte

For å ivareta leiaransvaret, kan leiarar i Vinje forvente:

- At overordna leiar set av tid, og støttar og oppmuntrar i gjennomføringa av leiarjobben
- At andre leiarkolleagaer er tilgjengelege for rådføring og samtaler
- Tilbakemeldingar om resultatoppgåing og leiaråttferd
- Å bli involvert i saker som berører leiar sitt ansvarsområde
- At leiarutvikling blir prioritert
- At me spelar kvarandre gode

5. LEIAREN SINE FORVENTNINGAR TIL SIN LEIAR

Kommunestyret har det overordna ansvaret for alle kommunen sine tenester.

Kommunedirektøren er ansvarleg ovanfor kommunestyret for den samla kommunale administrasjonen. Kommunedirektør er kommunalsjefane sin næraste overordna. Kommunalsjefar er verksemdsleiarar sin næraste overordna. Verksemdsleiarar er avdelingsleiar sin næraste overordna.

Leiarar skal opptre lojalt i høve avgjersler i det politiske systemet og i organisasjonen innanfor gjevne rammer.

For at kommunen som organisasjon skal nå sine mål, må leiarane sikre innbyggjarinvolvering og la dei tilsette delta i planprosessane.

Me forventar at kommunedirektør og kommunalsjef:

- Held leiarane godt orientert om det som skjer i kommunen
- Informere og gje oppdrag og føringar gjennom vedteke leiarstruktur og nivå. Halde kommunalsjef og verksemdsleiar orientert og informert om viktige saker som er under utvikling
- Arbeider for dei prinsipp og retningsliner om samarbeid som er nedfelt i denne avtala
- Halde seg oppdatert, gje støtte, rettleiing og oppfylgning for kommunalsjef og verksemdsleiarane i gjennomføringa av deira leiarjobb

6. Årleg resultat og planar for årshjulet

Det er viktig at kommunedirektøren og leiarane konkretiserer planane og krav til resultat, slik at det er mogleg å etterprøve desse. Krav må stå i rimeleg forhold til ressurs- og bemanningssituasjonen i kommunen og til uventa hendingar.

6.1 Leiarvurdering

I leiarsamtala blir resultatoppnåing evaluert etter ovanstående krav og forventningar ift.

- God økonomistyring – budsjett og rekneskap
- Brukartilfredsheit
- Medarbeidartilfredsheit
- Sjukefråvær
- Resultat frå 10-faktor – vurdering av arbeidsmiljø, motivasjon, leiing og utviklingskultur

6.2 Evaluering av resultatoppnåing

Månads- og tertialrapportane, i tillegg til årsmeldinga, skal fungere som leiaren si tilbakemelding på i kva grad verksemda har oppfylt dei krava og forventningane som er sette.

7. Prosedyre for drøfting av manglande samsvar mellom krav/forventningar

Dersom ein situasjon med manglande resultatoppnåing oppstår etter den årlege gjennomgangen i pkt. 6.1, skal kommunedirektøren gjere kommunalsjefen klar over dei manglande resultatata og at konkrete tiltak vil bli vurdert. Det same gjeld øvrige leiarnivå.

Leiar skal få moglegheit til å uttale seg. Partane utarbeidar ein konkret plan for forbetring, og ein gjev leiaren tidsfrist for å få gjennomført tiltak.

Dato og stad:

Leiar

Overordna leiar